

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Berit Karin Rystad	FE-026, FA-Q00	22/380

Saksnr	Utval	Type	Dato
048/23	Formannskapet	PS	19.09.2023
044/23	Kommunestyret	PS	28.09.2023

Revidert forskrift om sakshandsamingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS

Vedlegg:

Forslag til revidert forskrift om saksbehandlingsgebyr for BHF IKS

Oversendelse av forskrift til behandling i kommunen - forslag til likelydende saksutredning vedrørende revidert forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS

### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS (BHF IKS) har fått delegert mynde etter Lov om havner og farvann (hfl.) av 21.06.2019 jf. § 4 frå Alver, Askøy, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Fedje og Øygarden kommune.

ahar som føremål å fremje sjøtransport som transportform og leggje til rette for effektiv, sikker og miljøvennleg drift av hamn og bruk av farvatn.

Havne- og farvannsloven § 33 gir heimel til å sette saksbehandlingsgebyr:

«Departementet eller kommunestyret selv kan gi forskrift om gebyr for henholdsvis statens og kommunens behandling av søknad om tillatelse etter bestemmelser i eller i medhold av denne loven. Gebyret skal ikke overstige selvkost. Det kan ikke ilegges gebyr for behandling av klage over vedtak.»

Sakshandsamingsgebyret skal berre dekke kostnader knytt til handsaming av søknadar om løyve til tiltak i sjø etter hfl. § 14 i ovannemnte kommunar, og skal følgje prinsippa i sjølvkostforskrifta om sjølvkost.

Rekneskapan for sjølvkost for sakshandsaming har over lengre tid vist eit negativt resultat.

Satsen for sakshandsamingsgebyret blei i 2019 auka frå 4200 kroner til 4500 kroner og 10 000 kroner. Det differensierast mellom mindre og større tiltak, og det kjem fram av forskrifta kva som reknast for mindre og større tiltak.

Med bakgrunn i ovannemnte har BHF IKS utarbeidd forslag til revidert forskrift om Sakshandsamingsgebyr etter hfl. § 33. Sakshandsamingsgebyret er basert på berekningsgrunnlag til sjølvkostforskrifta § 3, og er ikkje større enn sjølvkost. Storleiken på gebyret skil mellom mindre og større tiltak i forskrifta. Viss søknaden i tillegg krev synfaring, kan ein gi eige gebyr for dette.

Forslaget blei sendt på høyring til Kystverket og kommunane Alver, Askøy, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Fedje og Øygarden i perioden 01.07.2022-18.08.2022. Forslaget har

Og vært tilgjengeleg på Bergen Havn sine heimesider, der ålmenta og andre parter er gitt moglegheit til å uttale seg.

### **Vurdering**

Forslag til revidert forskrift om sakshandsamingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS ligg ved saka

Folkehelse

Ikkje relevant

Miljø

Ikkje relevant

Økonomi

Sjølvkostrekneskapen for sakshandsaming har over lengre tid vist eit negativt resultat. Dette er ikkje berekraftig for selskapet over tid når arbeidet skal utførast etter sjølvkostprinsipp.

### **Konklusjon**

Fedje kommune vedtek revidert forskrift om sakshandsamingsgebyr

### **Forslag til vedtak:**

Etter Lov om havner og farvann (havne- og farvannsloven) av 21.06.2019 § 33 vedtek Fedje kommune forslag til revidert forskrift om sakshandsamingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS slik den ligg føre i vedlegg til saka.

Forskrifta vil erstatte Forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS av 05.06.2019.

Formannskapet - 048/23

### **F - behandling:**

#### **F - vedtak:**

Etter Lov om havner og farvann (havne- og farvannsloven) av 21.06.2019 § 33 vedtek Fedje kommune forslag til revidert forskrift om sakshandsamingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS slik den ligg føre i vedlegg til saka.

Forskrifta vil erstatte Forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS av 05.06.2019.  
Samrøystes vedteke.

Kommunestyret - 044/23

### **K - behandling:**



# Fedje kommune

## K - vedtak:

Etter Lov om havner og farvann (havne- og farvannsloven) av 21.06.2019 § 33 vedtek Fedje kommune forslag til revidert forskrift om sakshandsamingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS slik den ligg føre i vedlegg til saka.

Forskrifta vil erstatte Forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS av 05.06.2019.  
Samrøystes vedteke.